

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt  
**Tid/Sted:** Fredag 06.12.19 kl 10 – kl 12  
**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Kolbjørn Frøseth, Borgny Kjølstad Grande, Sverre Tyldum, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen.  
**Forfall:**  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 06.12.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering frå styremøtet 04.12</b> <p>Olav Håkon orienterte om status økonomi, stort marginpress i sluttmarknaden. Ny konsernsjef har hatt møter med kjedene. Gode leveringsprestasjoner, lavt svinn. Stort lager av lam på eige lager + reg lager. Er klaga inn til ESA for ulltilskot frå konkurrentar internasjonalt. NOVA: Går etter planen, fortsatt risiko i prosjektet. Omorganisering i konsernleiinga. Gjennomgang internrevisjon. Nedsett vedtektskomité. Strategiarbeid er starta. Budsjett 2020. Vedtatt investering i pakkemaskin på Heimdal.</p> <p>Otta: Ein ekstern aktør har vurdert talmaterialet, og ein ekstern aktør har vurdert dei tekniske løysingane. Uheldig med mistillit og hets mot ansatte og tillitsvalde. Fokus burde vore på kvifor Nortura er i ein pressa situasjon, og korleis vi kan løyse dei utfordringane.</p> <p>Ragnar orienterte frå tlf møte i forkant av styremøtet. Ulik informasjon frå styre og adm var tema. Må unngåast i slike prosessar. Bevisstgjerjing av faglag og politikarar viktig.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kva er årsaka til at Harald Bjerknes slutta?</li><li>• Samanlikning med andre aktørar syner konkurranseulempe for Nortura. Er viktig for oss som eigarar å diskutere.</li><li>• Viktig å få fram kostnaden vår med å vere marknadsregulator.</li><li>• Skal lage plan for industristruktur. Kor stort omfang vert det? Må få med oss eigarane på diskusjonen, for felles forståing av utfordringane. Må snakke om industriutvikling på kretsmøta.</li><li>• AU Midt kan sende oppfordring til styret om forankring. Lars Morten lagar forslag til brev.</li><li>• Heilheitleg mål og plan for industristrukturen, med forankring hos eigarane, er viktig.</li><li>• Må vere tydeleg på at eigarane rundt anlegg som forsvinn må ha same moglegheitene for utvikling av sin produksjon.</li><li>• Berekraft vert m.a. krav for finansiering. Er det diskutert i konsernstyret? Er vi bekymra for salet og marginane der?</li><li>• Fiskeri er sertifisert som berekraftig, men sertifisering har ikkje landbruket hatt fokus på.</li><li>• Kva betyr det at tilskot til ull er klaga inn til ESA?</li></ul>	Lars Morten

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

## 2 **Inntransportprosjektet**

Lars Morten orienterte om evalueringsprosessen. Opplegget er laga og godkjent av leiinga. Fått positive tilbakemeldingar på prosessen. Håpar på forslag til korleis slike saker kan handterast seinare.

Roy orienterte om status: Fortsatt litt støy og uro, særleg Meldal og Orkdal. Gode møter i Molde og Grong. Honnør til Bård Tore for bidrag i Molde. Ingen indikasjon på masseflukt. Brukar tida no på planleggingsfunksjon med kapasitetsberekning og plassering av bilar. Deretter jobbe med selskapa med konkretisering av intensjonsavtaler.

Ingen spørsmål/kommentarar.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

## 3 **Orientering frå Medlem region Midt**

Roy orienterte om tilførslane. Storfe indeks på 94,3 % pr veke 46, Midt-Norge slakteri meir på storfe og gris. Marknadsandel rullerande siste 12 månader pr oktober: 76,9 i marknadsandel på storfe, 73,5 på gris og 64,4 på småfe. Utfordring. 7-vekers avtaleinnmelding har ført til nokre utmeldingar. Prissamanlikning storfe. På livdyr overskot på alt. Ressursar på rådgjeving vert flytta til livdyr for å verte meir profesjonell.

Salet på lam stoppa opp. Viktig om kjedene sel ferskt eller frose. Møte med landbruksrådgivinga om framtidig samarbeid, mogeleg pilot i Midt-Norge.

Roy sit i beredskapsgruppa knytt til vedtaket om Otta.

Spørsmål/kommentarar:

- AU ynskjer å få tilsendt marknadsandelar jamnleg.
- Har utkjøpsordninga for purker trådd i kraft? Var fleire Norturaprodusentar enn konkurrentane sine som meldte seg.
- 13 % reduksjon i antal svineprodusentar i Trøndelag frå 2018 til 2019.
- Er det større toneangivande produsentar som går frå Nortura? Er det stort sett pris som er årsaka? Burde vi kommunisert betre at vi er konkurransedyktig på nokre område?
- Nokre påstår at dei leverer Midt-Norge slakteri for å vere sikker på at dyra vert slakta i Trøndelag og ikkje på andre anlegg. Kan vi endre avtalen med Midt-Norge slakteri slik at vi kan vere fleksible på anlegg?
- Skremd over reduksjonen i tilførsler. Er det tegn til utflating?
- Har vi ressursar til å spørje dei som har gått til konkurrent om det er pris eller politikk som er årsaka?
- Fleire seier pris er årsaka til overgang til konkurrent, særleg på oksar.
- Overraska over at 7-vekers innmelding ikkje er grundigare vurdert før innføringa, når vi ser reaksjonane.
- Vanskeleg å forstå at 7-vekers perioden må utnyttast maks, vert bestandig henta i slutten av perioden.
- Klage frå Fosen sør på livdyromsetninga. Manglar tilbakemelding på status, ullent svar ved klage. Konkurrent ordnar kjøpt.
- Bør faglaga orienterast om kjedene sin strategi for sal av lam?

Roy

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

## 4 **Evaluering av regionutvalsmøtet 05. – 06.11**

Brit Kari orienterte om oppsummeringa av evalueringsskjemaene.

Innspel/kommentarar:

- Overraska over kor positive tilbakemeldingane var. Skryt til fleire av foredraga, samt såpass mange deltok frå konsernleiinga. Føler dei vert sett av leiinga.
- Konsernsjef overraska over mistilliten til ansatte og tillitsvalde.

**Vedtak: AU tek evalueringa til orientering.**

---

**5 Møteplan 2020**

Brit Kari orienterte om forslaget.

Innspel/kommentarar:

- Måndag 20. fysisk møte kl 12. (minus Bård Tore)
- 13. februar tlf møte kl 14
- 25. mai fysisk møte

**Vedtak: AU vedtek møteplan 2020.**

---

**6 Kretsmøteplan**

Lars Morten og Ragnar avtalar fordeling av møta seinare.

Ingen innspel/kommentarar.

**Vedtak: Lars Morten og Ragnar avtalar fordeling av møta seinare.**

---

**7 Orientering om arbeid med tema dyrevelferd på kretsmøta**

Lars Morten orienterte om stort engasjement av Even Landrø og Tilde Sæther i RU-møtet. Har drøfta om vi kan førebu orientering til kretsmøta og evt fagmøter med dyrevelferd som tema. Vert utarbeidd i samarbeid med Ingrid Melkild.

Ingen spørsmål/kommentarar.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**8 Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane**

Kolbjørn orienterte om at det skal vere møte i fagutval egg i neste veke. Etterspurnad etter miljøegg frå kjedene pga låg pris.

Sverre orienterte om at fagutval gris skal ha møte 17.12. Smågrissituasjon og tilførsler er tema.

Borgny orienterte om at det var tlf møte i fagutval storfe for eit par veker sidan. 7-vekers avtale, pris, konkurransesituasjon og livdyrformidling er tema. Deltok ellers på inntransportmøte i Grong i går, godt møte. Må på slike møter ha med plansjar som syner kva som går godt i Nortura!

Johan Kristian orienterte om at det på kylling er bygd litt lager, og difor redusert frå 8 til 7 innsett neste år. Midt-Norge og Innlandet har sendt innspel i lag knytt til mogelegheitene for evt utbygging vidare. Hatt produsentmøte på Malvik med Trine og Lars Petter Bartnes.

Bård Tore orienterte om fysisk møte i november. Markedsutsikter tema, lågare saueslakting i haust enn venta, prisløype neste år for tidlegare slakting, skilnad i klassifisering mellom anlegg og jobbast med ny klassifiseringsmetode. Har ellers hatt julebord i kretsen Oppdal/Rennebu, mange kritiske spm men avslutta med god stemning.

Ragnar fått innspel på at vi no må fokusere på det som går godt, og synleggjere effekten av det som vert gjort.

Lars Morten: I Åfjord/Roan støtte til inntransport og struktur. I Ørland/Bjugn engasjement hos kretsleiar. I Indre Nordmøre kampanje frå FSK. I Fosen sør må vi vurdere å invitere oss på møte i lammeringen. Inntransportmøte bør vi også ha der i tillegg.

Roy

Spørsmål/kommentarar:

- Vert det auka påsett av lam no, som gjev auka produksjon neste år?
- Vanskeleg for bønder å varsle om kampanje frå transportør, bør følgast opp.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

9 **Eventuelt**

- Bra med evaluering av inntransportprosjektet og mogelegheit for innspel frå kretsleiarar. Men tlf møtet vart ikkje gjennomført på ein god måte, burde hatt meir utbytte av møtet. Generelt setje av ein time til slike møter, med tema i tillegg for å skape motivasjon.
- Sak til AU frå kretsen Midt: Nortura treng hjelp frå kretsutvalet til å få vite om det er nokon som har forlate eller vurdere å forlate Nortura. Vi veit om ein produsent i den kretsen og ein i Rennebu, og desse er kontakta.
- Rykter om store kjøtprodusentar går til konkurrent over nyåret. Roy bekrefta at det er kontakt med ein produsent.
- Ein misnøgd produsent pga oppgjerssystem/kredittordning.
- Korleis er konkurrentane si kredittordning samanlikna med Nortura?
- Strategiprosess er starta opp i Nortura, viktig med involvering av eigarane.
- Viktig at vi veit kva produsentane meiner. Må spørjast, t.d. gjennom ei spørjeundersøking. Oppfordring til påmelding til Grøn Forsking-konferanse 10. – 11. februar.